

Idrettsminne:

På 30-talet var Jørn-Severin (Severin Hole f. 1915) ein dyktig langrennsløpar. I eit lydbandopptak i 1999 delte han minna sine frå denne tida med Jostein Drabløs.

Fyrste rennet eg deltok i gjekk på Vellesætra. Det var i 1931 eller 32. Vi starta oppe på flata, gjekk eit stykke innover og tilbake. Det var ei heller kort løype, men det var i dette rennet eg oppdaga at eg gjekk bra på ski.

Den tida hadde vi ski av tynnestavar. Dei hoppa vi med òg. Fyrste skikkelege skiene fekk eg av ein farbror i Amerika. Han sende pengar slik at eg fekk kjøpt furuski med lereimar over. Seinare på 30-talet, då eg kom til Velle, kjøpte eg eit emne av hickory og laga ski sjølv. Eg arbeidde dei hjå Jo-Petter. Der hadde dei høvlebank og eg minnest han hjelpte meg med arbeidet. Vi laga skikkeleg krull på tuppen og renne midt under skia.

I 1933, eller der omkring, deltok eg i eit renn som starta ved Ungdomshuset. Løypa gjekk vidare til Brunstad, opp i Holebotnen, til Myrdalen og ned att til startpunktet med ein hard trykk opp Kolda mot slutten av rennet.

Sunnalsrennet, arrangert på Auresætra, har eg eitt spesielt godt minne frå. Er ikkje sikker på årstalet, men eg bodde i alle fall i Askjellgarden på Velle den gongen. Eg fekk bror min, Arne, til å køyre meg med hest frå Velle til Lasætra. Derifrå gjekk eg på ski. Då eg kom fram, hadde eg akkurat éin time på meg til å slappe av og ordne skiene før rennet. Eg vann rennet. Etterpå rende eg på ski ned til Aure der eg lånte ein sykkel. Så sykla eg fram til Velle og fôra røvane. Etterpå sykla eg ut att til Aure der det var fest og premieutdeling.

Fanteri. Eg veit at Jørn-Johan (Johan Hjorthol) og Hauknut-Arne (Arne Lade) ofte overnatta på Lasætra i forbindelse med Sunnalsrennet. Ein gong var det så kaldt at dei mest ikkje fekk blund på augene for heile natta. Elles var det vanleg at folk overnatta på Lasætra i samband med Fjellsæterrennet òg. Då var der som regel mykje folk og sosialt. Eitt og anna fantestykkje vart også gjort. Såleis hugsar eg at Åsmund Hole eitt år hadde med seg egg som han skulle styrkje seg på til langrennet dagen etter. Men eit par karar fann egga, tok forsiktig hol på dei og bles ut alt "inventaret". Så putta dei nokre skoreimar inn i hola.

Fjellsæterrenna samla god deltaking både frå Stranda og Sykkylven. I 1935, eller kanskje det var i 36, slo eg Reidar Trondstad med to sekund. Det var idrettslaget som arrangerte, men vi leigde hus av Ole T. Lied.

Sommaridrett vart det mindre av, men eg minnest eit terrengløp med skyting på Brunstad. Det var like før eg flytte til Stranda. Eg hadde best tid i springing, men skaut dårleg. Eg var så andpusten at eg skalv. Det var siste løpet eg var med på. Eg fekk premie, men ikkje fyrstepremie. Han Ole C. Brunstad deltok her, minnest eg.